

Skulen får snart over 100 elevar

19.09.2007



Dette er "skulesamfunnet" i Uskedalen, samla i amfiet i Aktivitetshuset då det var fest for førsteklassingane like etter skulestarten. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Skulen i Uskedalen får snart godt over 100 elevar. Det skjer i 2010 då kjempekullet frå 2004 med 28 elevar kjem inn i biletet. Det opplyser rektor Vidar Haugland til uskedalen.no i samband med skulestarten og innskrivinga av dei som skal starta i første klasse i skuleåret 2008/2009.

Skuleåret 2007/2008 har teke til med 13 førsteklassingar og 96 elevar, Neste år blir det 16 førsteklassingar medan 15 vil gå ut og elevtallet vil difor auka med ein – til 97.

Dette er dei som vart fødde i 2002 og som blir førsteklassingar hausten 2008 (ni gutar og sju jenter): Martin Hjelmeland Arnesen, Matias Ullebust Feet, Kristian Klette Hansen, Sander Simensen Haraldseid, Fredrik Gisholt Haugland, Andrea Hjelmeland, Ida Marie Kildal Eidsvik, Sondre Klyve, Iver Andre Kårstad, Ole Alexander Legland Lange, Camilla Myklebust Ripel, Amalie Hovden Rød, Cecilie Haugland Røstbø, Thea Soltveit Taranger, Viljar Simonnes Tveit og Hanna Tvilde.

Men det blir ikkje plassproblem ved skulen sjølv om elevtalet aukar ein god del - så lenge dei har eit rom til kvar klasse. No går fjerde og femte klasse saman.

Ellers er skuleleiinga og alle andre som har noko med Uskedalen oppvekstsenter å gjera spente på når utbetringa kjem. Utvalet som vurderte alle 17 skulane i kommunen prioriterte Uskedalen som ein av fem – dei andre var ungdomsskulen i Rosendal, Undarheim. Omvikkalden og Sunde.

No er rapporten frå utvalet ute på høyring i aktuelle instansar før den politiske handsaminga. Det er med andre ord det nye kommunestyret som skal gje uttrykk for si meining før utvalet legg fram si endelege innstilling om kva som skal skje med kommunen sine skuleanlegg.

Mange av dei er i ei mistrøstig forfatning og når nybygg reknast med vil opprustinga kosta 275 millioner kroner, meinte utvalet.

Ikkje minst skal ungdomsskulen i Rosendal vera prega av mange års manglande vedlikehald. Der går det også mange uskedelingar.

Av Ola Matti Mathisen



Rektor Vidar Haugland: - Uproblematisk når elevtalet kjem over 100. (Foto: Ola Matti Mathisen)